

Saksbehandlar: Lars Hustveit, Næringsavdelinga
Sak nr.: 14/1329-59

Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane. Opplegg for arbeid med industristrategi og ei satsing på landbruk

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune set i gang arbeidet med å utforme ei satsing på landbruk og ein industristrategi basert på føringane i denne saka.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane vedteken i Fylkestinget i sak 8/14

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

I denne saka legg fylkesrådmannen fram eit opplegg for arbeidet med å utvikle ei satsing på landbruk og utforming av ein industristrategi. Arbeidet supplerer den nye verdiskapingsplanen.

I saka vert det føreslått at fylkesrådmannen får fullmakt til å legge planane ut på høyring basert på retningslinene i denne saka. Framdriftsplanen legg opp til at ein industristrategi vert lagt fram for fylkestinget på juninget 2015 og at ei satsing på landbruk vert lagt fram for fylkestinget i mars/april 2016.

2. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Saka er oppfølging av punkt 3 i vedtaket i Fylkestinget i sak 8/14 der verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane vart handsama. Det samla vedtaket vart slik:

1. Fylkestinget vedtek verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane i samsvar med revidert plantekst. Viktige endringar som følgje av høyringsrunden ligg i saksframstillinga, kap. 4.
2. Fylkestinget føreset at det er utforma forpliktande partnerskapsavtalar når første handlingsprogram vert lagt fram i desember 2014.
3. Fylkestinget ber om at fylkesdelplanen for landbruk vert revidert og at det vert utarbeidd ein eigen strategi for industrisatsing. Desse to områda må bli ein del av verdiskapingsplanen. Arbeidet med industristrategien og eit opplegg for revisjon av fylkesdelplan for landbruk skal leggjast fram for planutvalet hausten 2014.»

3. Arbeidsopplegg for ei satsing på landbruk

3.1 Landbruk – sysselsetting og busetting i fylket

Landbruket er viktig for sysselsettinga i Sogn og Fjordane og skapar store verdier. Tal syssel-sette innan jord- og skogbruk var i 2011 registrert til 2487 personar. Dette er 4 prosent av sysselsette i fylket og prosentvis om lag det dobbelte av sysselsettinga i landbruket i landet elles. Ringverknadene av den totale landbruksverksemda er rekna til 2331 årsverk. Bruka er relativt små og drifta skjer ofte i kombinasjon med anna inntektsgjevande arbeid. Strukturen endrar seg i tråd med nasjonal utvikling, med stadig større bruk og meir automatisert produksjon. Fylket har og store skogressursar der hogstmodent areal vil auke i åra framover.

3.2 Regional plan for Bygdeutvikling

Det eksisterer allereie strategidokument for landbruk. I Regional plan for bygdeutvikling for Sogn og Fjordane 2013–2016 har deltakarane i planarbeidet formulert mål og strategiar for matproduksjon, skogbruk/bioenergi, bygdenæringar og bygde- og lokalsamfunnsutvikling. For kvart år vert det laga ein handlingsplan.

Regionalt plan for bygdeutvikling er vedteke i Hovudutval for plan og næring (sak 11/13) og har tre hovuddelar:

- Regionalt næringsprogram
- Regionalt miljøprogram
- Regionalt klimaprogram.

Dokumentet skal også danne grunnlag for forvaltning av statlege økonomiske verkemiddel frå Landbruks- og Matdepartementet. Tema skogsressursar er også handsama i bygdeutviklingsprogrammet.

Etter planen skal Regional plan for bygdeutvikling reviderast i 2016. Det vil då vere naturleg å knyte denne revisjonen opp mot verdiskapingsplanen, og til dei krava plan- og bygningslova set til utarbeiding og utforming av regional plan.

3.3 Konkretisering av fylkestinget si bestilling

I Fylkestinget sitt vedtak ber dei om at Fylkesdelplan for landbruk vert revidert slik at dette blir ein del av verdiskapingsplanen. Fylkesdelplanar er ikkje lenger ein del av plansystema i Plan og Bygningslova, no heiter det «regional plan for ...». Fagleg tolkar vi difor fylkestinget sitt vedtak til å vere ei presisering av det som står i både planprogrammet og i verdiskapingsplanen, slik:

- Vi tek utgangspunkt i eksisterande og nyleg vedtekne plan- og strategidokumentet for landbruk.
- Ved revidering av regionalt bygdeutviklingsprogram skal det knytast opp til verdiskapingsplanen (2016).
- Vi tolkar fylkestinget slik at dei meiner dette hastar å kome i gong med, så vi bør framskande dette arbeidet slik at vi startar opp på nyåret 2015.

Landbruk vert innarbeidd i verdiskapingsplanen som ei satsing.

3.4 Politiske føringar for arbeidet med planlegge ei satsing landbruk:

Partnerskapen ved næringsforum tilrår at utvalde tema innan landbruksnæringa omhandlar heile verdikjeda; dvs. ikkje berre dei som driv primærproduksjon.

Fylkesutvalet gjev normalt innspel til jordbruksoppgjeret. Det er ønskjeleg med signal om i kva grad planarbeidet skal ta opp politiske rammevilkår.

3.5 Kven deltek i arbeidet?

Det bør opprettast ei arbeidsgruppe som gjennomfører planen. Fylkesmannens landbruksavdeling bør få ansvaret. Bondeorganisasjonane og Skognæringa bør vere representert. Partnerskapen ved Innovasjon Norge og fylkeskommunen må også vere representerte.

3.6 Framdriftsplanen med vekt på styring og politisk involvering fram til ferdig planutkast for landbruk

Denne prosessen ynskjer vi å bruke til å skaffe oss meir faktagrunnlag for kva omfang verdiskapinga i landbruket har, inkludert også ei analyse av ringverknadane i form av leverandør- og foredlingsindustri, det vil seie å sjå på heile verdikjeda. Vi må prøve å gje denne prosessen ein meirverdi ved at den skal gje oss betre kunnskap på dette området.

Framdrift for vidare arbeid under føresetnad av endeleg vedtak på fylkestinget i april 2016:

Milepælar september 2014 – april 2016 følgjer under.

Det vert føreset at Planutvalet kjem innom prosessen på høvelege tidspunkt:

| | |
|------------------------------|--|
| 5. september | Næringsforum tilrår opplegg og retning |
| 23.september | HPN tilrår opplegg og retning |
| 24.september | Fylkesutvalet godkjenner opplegg og retning for vidare arbeid |
| Oktober 2014 – desember 2014 | Avklare med kommunar, fagлага og andre interesseorganisasjonar Presisere at Planutkastet skal byggje på eksisterande planstrategi og program for verdiskapingsplanen Organisering av arbeidet |
| Januar 2015 – juni 2015 | Innhente kunnskap om verdiskapinga i landbruk <ul style="list-style-type: none"> - Oppdatere NILF-rapport frå 2009 - Ringverknadsanalyse av landbruket - Arbeidskraftinnvandring – utfordringar - Andre kunnskapsbehov |
| August 2015 – oktober 2015 | Utarbeide framlegg til planutkast for landbruk i verdiskapingsplanen - høyringsdokument |
| November– desember 2015 | Høyring (etter utleggingsvedtak i FU) |
| Januar – mars 2016 | Tilrådingar frå Næringsforum, HPN og FU |
| April 2016 | Vedtak i Fylkestinget |

Oppsummering:

Landbruk vert innarbeidd i verdiskapingsplanen som ei satsing.

Regional plan for bygdeutvikling ved næringsprogrammet gjev grunnlaget for satsing på landbruk i verdiskapingsplanen.

Med utgangspunkt i Regional plan for bygdeutvikling skal det leggast fram forslag til temaområde innan landbruk med spesielt stort potensiale for inntening og sysselsetting.

Verdiskaping i heile verdikjeda skal ligge til grunn for temaområda.

Planutkastet skal leggast fram for fylkestinget i april 2016.

4. Utvikling av industristrategi

4.1 Føremål

Fylkestinget vedtok i sak 48/12 å utarbeide ein regional plan for verdiskaping. Verdiskapingsplanen vart vedteken av Fylkestinget 15. juni 2014, sak 8/14. Fylkestinget bad om at det vert utarbeidd ein eigen strategi for industrisatsing og at denne må bli ein del av verdiskapingsplanen.

Føremålet med dette kapitlet er å setje i gang og ta avgjerd om retning for arbeidet med industristrategien.

4.2 Industristrategi – kvifor og for kven

Kvifor

Den landbaserte industrien er viktig for verdiskapinga i Sogn og Fjordane, ikkje berre i industribedriftene, men også for verdiskapinga i dei bedriftene som levere varer og tenester til industrien. Blant desse finn vi også tenesteytande kunnskapsbedrifter.

For kven

Industristrategien er partnerskapen sin strategi for tilrettelegging for verdiskaping i industriverksemder og hos leverandørane til industriverksemdene i Sogn og Fjordane. Sjølv verdiskapinga skjer i bedriftene.

4.3 Avgrensingar i arbeidet:

Overordna målsettingar i verdiskapingsplanen

Fylkestinget har sett folketalsutvikling som hovudutfordring for Sogn og Fjordane. I verdiskapingsplanen er målet om folketalsutvikling ført vidare til ein ambisjon om arbeids-plassvekst. Målet er ein netto arbeidsplassvekst på 100. Dette føreset 500 nye arbeidsplassar kvart år.

Industristrategien sitt bidrag til måloppnåing

Sogn og Fjordane er eit stort eksportfylke tufta på naturgjevne ressursar og ein landfast industri. Vi har eit stort innslag av næringar som rasjonaliserer (kjelde MENON og SSB). For mange av desse verksemdene er reduksjon i arbeidsstokken eit teikn på suksess. Sjølv om tal sysselsette i industrien har gått ned, har verdiskapinga gått opp. Ein ser at det er sterke koplingar mellom industrien og andre næringar. Samtidig ser vi at industrien set ut støtte-aktivitetar til tenesteytande bedrifter som til dømes IT, økonomi/rekneskap og vedlikehald. Det er og sterke koplingar mellom industri og landbruk. Det ser vi tydeleg ved at nærings-middelindustrien sysselset flest innanfor industri i Sogn og Fjordane.

Den tradisjonelle industrien er avhengig av å rasjonalisere og erstatte arbeidskraft med teknologi for å vere konkurransedyktig. Industristrategien sitt bidrag til måloppnåinga må difor ligge i nyskaping og knoppskyting som gjev attraktive arbeidsplassar. Industri-produksjon basert på høgt kunnskapsnivå og leverandørutvikling med same føremål, er derfor vegen å gå.

Nordland sin industristrategi.

FT-sak 043/13 Industristrategi for Nordland kraftforedlende – mineral og tilhørende leverandøriindustri:

«Industristrategi for Nordland. Fylkestinget har som mål at Nordland skal ha en konkurranse-dyktig og teknologisk ledende industri basert på foredling av fylkets ressursgrunnlag. Nordland sin ressursrikdom bør utvikles slik at virkningen blir reduserte globale klimautslipp, grunnlag for regional verdiskaping gjennom klimaeffektiv industriproduksjon nær energi-kildene og sysselsetting i hele fylket». Industriallianse « Nordland må alliere seg med fylker og regioner som har sammenfallende interesser med Nordland, for derved å oppnå større styrke og bedre gjennomslag for sine interesser.»

Det er etablert slik allianse mellom Nordland, Sogn og Fjordane og Østfold både på politisk og administrativt nivå. Sidan det berre er Nordland som har ein vedteken industristrategi, er det også berre dei som til no har spelt inn aktuelle saker i alliansen.

4.4 Igangsetting av arbeidet

Målet med planlegginga er å lage eit verktøy for å påverke samfunnsutviklinga. Industristrategien handlar om å utarbeide ein strategi som skal bidra til auka verdiskaping og sysselsetting i den landbaserte industrien og hos leverandørane til denne industrien.

I dette arbeidsnotatet skal det takast stilling til:

- Organisering av arbeidet
- Opplegg for høyring
- Prosessinnhald og gjennomføring
- Framdriftsplan

4.5 Organisering

Korleis vi tenkjer å organisere arbeidet og kven som blir involverte undervegs.

Eigar: Næringsforum

Ansvar for gjennomføring: Næringsforum

Prosjektansvar: Fylkeskommunen ved fylkesdirektøren for næring

Ansvar for oppnemning av arbeidsgruppe for industristrategien: Næringsforum

Referansegruppe: Hovudutval for plan og næring

Sekretariat: fylkeskommunen, næringsavdelinga. Næringsavdelinga trekker inn ressursar etter nærare vurdering.

Opplegg for høyringsfasen: Næringsforum tilrår, fylkesrådmannen avgjer

4.6 Prosess

“Ein strategi er ein plan av handlingar med hensikt å nå eit spesifikt mål. Strategi handlar meir om kva som skal gjerast enn korleis noko skal gjerast”

Utarbeiding av ein strategi knytt til industrien i Sogn og Fjordane vil krevje ein prosess i fylgjande steg:



Mobilisering og forankring

Det er viktig at ein forankrar prosessen knytt til å utvikle strategien hjå dei som står bak planen og dei som skal realisere strategien. Ein vil i denne fasen gjennomføre arbeidsmøte med prosjekteigar for å forankre og einast om arbeidsnotat med tilrådingar som grunnlag for prosessen, samt at ein einast om prosjektplan for gjennomføring.

Analyse

Skal vi lukkast med å forme ein strategi som er forankra i verdiskapingsplanen og hjå dei som skal realisere strategien, må vi skape eit bilete av dagens situasjon som ein kjenner seg att i og forstå utviklingstrekk i industrien.

Det vil bli laga eit faktagrunnlag knytt til status gjennom analysar og samtalar/intervju med sentrale organisasjonar og bedrifter. Analysen vil bli presentert for næringsforum før ein går vidare i prosessen.

Strategiske mulegheit

Gjennom analyse av status og utviklingstrekk i næringa og ved samtalar med sentrale organisasjonar og bedrifter vil ein skissere ulike strategiske mulegheit. Dette er ein fase som ikkje er avgrensande i forhold til aktuelle strategiar. Ein vil her og ta med element som allereie er ein del av verdiskapingsplanen som og påverkar ein industristrategi. Det vil bli gjennomført arbeidsmøte med næringsforum i denne fasen.

Strategiske val

I denne fasen skal ein foreta prioritering og val av strategiar knytt opp mot industrien. Ein skal her sikre at ein har eit godt grunnlag for å gjere val og at det er innanfor handlings-rommet i verdiskapingsplanen. Det vil her bli gjennomført arbeidsmøte med næringsforum knytt til val av strategisk retning. Det vil bli utarbeida eit høyringsdokument som blir diskutert med næringsforum og HPN før høyring. I etterkant av høyringsrunde vil endeleg strategidokument bli utarbeida for politisk handsaming.

Handlingsplan

Dette er ein fase som ikkje er del av denne prosessen, men som vil utviklast gjennom realisering av verdiskapingsplanen. Prosessen vil ende ut i eit strategidokument knytt til industristrategi som skal implementerast i verdiskapingsplanen.

4.7 Utgreiingsoppgåver

Analyse av status og utviklingstrekk i industrien vil bli gjennomført i analysefasen. Dersom det er behov for større utgreiingsoppgåver ser vi dette som ein del av handlingsplanen.

4.8 Framdriftsplanen med vekt på styring og politisk involvering fram til ferdig industristrategi

Framdrift for vidare arbeid med føresetnad av endeleg vedtak i FT i juni 2015 følgjer under.

Det vert føreset at Planutvalet vert konsultert undervegs.

| | |
|--------------------------|---|
| 23.september | HPN tilrår opplegg og retning |
| 24.september | Fylkesutvalet godkjenner opplegg og retning for vidare arbeid med utarbeiding av ein industristrategi |
| Oktober 2014 – mars 2015 | Utarbeiding av framlegg til industristrategi – høyringsdokument |
| Mars– april 2015 | Høyring (etter utleggingsvedtak i FU) |
| Mai – juni 2015 | Tilrådingar frå Næringsforum, HPN og FU |
| Juni 15 | Vedtak i Fylkestinget |

4.9 Industriutvikling i allereie vedteken verdiskapingsplan

Både dei bransjeretta og bransjenøytrale satsingane i verdiskapingsplanen har innhald som vil få verknad for industribedrifter i fylket. Kunnskap og nyskaping er tema som gjeld på tvers av bransjar og som vil vere viktig for industrien si vidare utvikling i fylket. Fornybar energi, sjømatnæringar og olje og gass grip rett inn i industrien og er i mange tilfelle ein del av industrien. Desse elementa vil bli teke omsyn til i utarbeidinga av industristrategien, slik at vi, så langt som mogeleg, unngår overlapping, alternativt at vi tilpassar eksisterande verdiskapingsplan til industristrategien.

Oppsummering:

Industristrategien sitt bidrag til måloppnåinga i verdiskapingsplanen må ligge i nyskaping og knoppskyting som gjev attraktive arbeidsplassar og vekst i eksisterande verksemdar gjennom auka kunnskap. Industriproduksjon basert på høgt kunnskapsnivå og leverandørutvikling med same føremål, er derfor vegen å gå. Alliansen som er etablert mellom Sogn og Fjordane, Nordland og Østfold blir inkludert i planlegginga. Konkrete fellestiltak partane imellom må komme som tiltak i verdiskapingsplanen sin handlingsplanen, tidlegast frå 2016.

Fylkesrådmannen ved næringsforum tilrår ein prosess i fire trinn fram mot ferdig høyringsutkast, slik det går fram av avsnitt 4.8.

Fylkesrådmannen ved næringsforum godkjenner organisering og kjem med tilråding på samansetting og leiing av arbeidsgruppe.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å legge eit strategiutkast ut på avgrensa høyring med høve til å gå breiare ut ved bruk av det verktøyet som ligg på sida www.verdiskapingsplanen.no.

Proessen fram mot endeleg industristrategi vil avdekke behovet for utgreiingsoppgåver. Eventuelle utgreiingar vert tiltak i handlingsplanen.

5. Vurdering

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Økonomiske konsekvensar vert løyst som del av budsjettarbeidet.

Plankonsekvensar

Ein industristrategi vil høgst sannsynleg ta opp problemstillingar som gjeld allereie vedteken verdiskapingsplan.

6. Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at arbeidet vert sett i gang med utgangspunkt i omtalane i kapitla 3 og 4
ovanfor.